



## MØTEBOK

### Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 14.12.2017

Klokka 09.00 – 15.00

Stad: Odda rådhus, Kommunestyresalen

#### Til stades:

Eidfjord kommune: Ordfører Anved Johan Tveit  
Granvin herad: Ordfører Ingebjørg Winjum  
Jondal kommune: Ordfører Jon Larsgard – Rådsordfører  
Kvam herad: Ordfører Jostein Ljones  
Odda kommune: Ordfører Roald Aga Haug  
Ullensvang herad: Ordfører Solfrid Borge  
Ulvik herad: Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen - Rådsvaraordfører

Rådmannsforum: Rådmann Geir Underhaug  
Administrasjonen: Dagleg leiar Jostein Eitrheim og konsulent Trude Rinaldo

#### Agenda:

09.00 – 11.00 Sakshandsaming  
11.00 – 12.00 Lunsj  
12.00 Orienteringar:  
12.00 – 12.30 Hardanger & Voss Museum v/ Randi Bårtvedt m.fl.  
12.30 – 13.00 Ungt Entreprenørskap v/ Signe Bondhus-Jensen  
13.00 – 13.30 Hardangerfjord Villfisklag v/Sven-Helge Pedersen  
13.30 – 15.00 Sakshandsaming

#### Orienteringar:

#### Innkalling og sakliste vart godkjent.

#### Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordfører:

Solfrid Borge Jostein Ljones

#### Saker til handsaming i Regionrådet:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

#### Saker til handsaming:

#### HR-sak 47/17. 40/17 Saker innmeldte ved starten av møtet. Vert tatt opp under sak 47/17.

- Førebuing til Hardingtinget 2018 – Val av tema.
- Førebuing til dialogmøte med Hordalandsbenken 9.01.2018
- Førebuing til dialogmøte med Hordaland fylkeskommune 19.01.2018
- Evt. endring av dato for regionrådsmøte 25.01.2018
- Sal av aksjar i lokale bompengeselskap

- Regionalt næringsfond Hardanger – Tilbakeføring av midlar til fondet.
- Kommunal vigsel
- Team Hardanger
- Status toalettrunde
- Våpenkontor
- Uttale til Helse Vest
  - Administrasjonen får i oppdrag å kartleggja auka kostnader for kommunane i samband med nedlegging av ambulansestasjonar.

**HR-sak                      41/17   Meldingar**

**Vedtak:**

Meldingane vert tekne til vitande.

**HR-sak                      42/17   Hardangerrådsprosjekt – Miljøplanar for kommunane/herada i Hardangerregionen.**

Viktig at eit slikt prosjekt gjev gevinstar og ikkje medfører dobbeltarbeid ift. arbeid som alt er i gang i kommunane.

**Vedtak:**

Regionrådet ber administrasjonen i Hardangerrådet om i neste regionrådsmøte leggja fram prosjektskisse og budsjett for Hardangerrådsprosjekt «Miljøplanar for kommunane/herada i Hardanger».

**HR-sak                      43/17   Filmlocationsamarbeid Hallingdal – Hardanger**

Regionen må setja krav til at denne støtte må føra til målbare effektar tilbake til kommunane. Hardanger ser ut til å vera ein interessant region for filminnspeljingar.

**Vedtak:**

Hardangerrådet støtter prosjekt «Film, Fjord, Fjell og Vidde» med totalt kr 400.000 over ein 3-års periode 2018 – 2020. Føresetnaden for støtte er at prosjektet vert fullfinansiert i samsvar med finansieringsplan. Løyvinga vert finansiert frå «Restmidlar regionalt næringsfond Hardanger».

**HR-sak                      44/17   Tilstand i Hardangerfjorden.**

**Vedtak:**

Hardangerrådet er uroa for situasjonen i Hardangerfjorden. Lokale observasjonar tilseier at fiskebestandane, særleg torskefiskane, er kraftig minkande. Årsaka til tilbakegangen er ukjent. Rådet ber Havforskningsinstituttet og overordna myndigheiter undersøkje saka, og skaffa fram det naudsynte kunnskapsgrunnlaget for ein heilskapleg forvaltning av fjorden som økosystem.

Hardangerrådet vil dessutan spela temaet inn ved neste rullering av den regionale vassforvaltningsplanen. Arbeidet med vassforvaltningsplanen skal sikre at det vert oppnådd minimum god økologisk tilstand i vassførekomstane. Fisketettleiken i fjorden bør vera ein viktig tilstandsindikator.

**HR-sak 45/17 Utvikling av sidernæringa i Hardanger – Søknad om støtte.**

**Vedtak:**

Hardangerrådet støttar søknad frå Hardanger Siderprodusentlag og NIBIO med kr 100.000. Løyvinga føreset at «Merkevare Hardanger» symbolisert ved Hardangerrosa vert del av profileringa både av prosjektet, ei mogeleg framtidig Siderklynge og for det enkelte siderprodukt frå Hardanger. Dette inneber at deltakarar/aktørar som ikkje har merkevarelisens skaffar dette.

Løyvinga vert finansiert frå disponible restmidlar «Regionalt næringsfond Hardanger».

**HR-sak 46/17 Val av rådsordførar og rådsvaraordførar for perioden 2017 – 2019**

**Vedtak.**

Til Rådsordførar for to år vert vald:

Hans Petter Thorbjørnsen

Til Rådsvaraordførar for to år vert vald:

Jostein Ljones

**HR-sak 47/17 Orienterings- og drøftingssaker – Saker innmelde ved starten av møtet**

- Førebuing til Hardingtinget 2018 – Val av tema.
  - Samarbeidsutfordringar – Distriktssenteret
  - Rapport etter Fase 1 – Hardangerrådet etter 01.01.2020
  - Drøfting – Korleis vil vi ha regionsamarbeidet i framtida.
  - Voss vert invitert v/ prosjektleiar og fellesnemnd til å delta på Hardingtinget.
- Førebuing til dialogmøte med Hordalandsbenken 9.01.2018
  - Kommunereform
  - Oppgåver til nye regionar – kva med nye oppgåver til kommunane ?
  - Bortfall av oppgåver fram til no – kva kan kompensera dette?
  - Vern set store begrensingar på utvikling.
  - Vern av vassdrag – Eks. Øystesevassdraget
  - Ras- og flaumsikring.
  - Nye prosjekt : Våpenkontor
- Førebuing til dialogmøte med Hordaland fylkeskommune 19.01.2018
  - Sal av aksjer i bompengeselskap.
  - Regionalisering
  - Partnerskapsmidlar til regionråd
- Evt. endring av dato for regionrådsmøte 25.01.2018
  - Dato endra til 18. januar.
- Sal av aksjar i lokale bompengeselskap
  - Uttalar er tydelge på at ein ønskjer å oppretthalda dagens takst- og rabattsystem.
  - Det har vore dialog med HFK om saka og ein har fått ny frist 28.02.2018.
- Regionalt næringsfond Hardanger – Tilbakeføring av midlar til fondet.
  - Vert sak i møte 18.01.2018
- Kommunal vigsel

- Felles opplæring: Førespurnad om Hardanger Tingrett kan leia felles opplæring 4.01.2018 Stad: Hotel Ullensvang
- Team Hardanger
  - Næringsråda i Hardanger møtest i TH. Mandat TH vert sak i neste møte.
- Status toalettrunde
  - Samf.avd i HFK vil orientera på neste regionrådsmøte.
  - Har dialog med privat aktør for etablering av bemanna offentleg toalett Bu og Seljestad.
- Våpenkontor
  - Kontakt med Hordlandsbenken v/Ove Trellevik. Ordførar i Odda følgjer opp saka.
- Uttale til Helse Vest
  - Adminsitrasjonen får i oppdrag å kartleggja auka kostnader for kommunane i samband med nedlegging av ambulansestasjonar.

**HR-sak**

**48/17 Konferanse: Hardanger – i sentrum for Vestlandets hydrogensatsing. Søknad om støtte.**

**Vedtak:**

Hardangerrådet støttar konferansen «Hardanger – i sentrum for Vestlandets hydrogensatsing» med kr 50.000. Løyvinga vert finansiert frå disponible restmidlar «Regionalt næringsfond Hardanger».

**Møteboka godkjent 14.12.2017.**

Jon Larsgard  
Rådsordførar

Rådsmedlem  
Solfrid Borge

Rådsmedlem  
Jostein Ljones